14/3916.

28-April-2014

Til Lindås Kommune, teknisk.

Hundvin 22/4-2014.

Ref. Løyve til tiltak på bakside av dette.

Avkjørsel til garasje for Rolf Iversen.

Det er ikke nødvendig eller hensiktsmessig at avkjørsel til garasje for Rolf Iversen går over Gnr. 89 Bnr.6.

Det er antagelig feil i kartene hvis de viser at det er nødvendig.

Hundvin 22/4-2014.

Bjarne Træland

Bjarne Træland

Rolf Iversen. Rolf Iversen

**Løyve til tiltak på vilkår.**

Arkivkode 89/4

Saksbehandler Larissa Dahl

(Deres ref. 2013/3806-0-328/2014)

Bjarne Ingmar Træland samtykker herved til at Rolf Iversen kan benytte avkjørsel til garasje i hht til innsendte tegninger over min eiendom Gbnr 89/6

Bergen ______________________________

**Løyve til tiltak på vilkår.**

Arkivkode 89/4

Saksbehandler Larissa Dahl

(Deres ref. 2013/3806-0-328/2014)

Jan Ingvar Bakke samtykker herved til at Rolf Iversen kan sette opp garasje i hht til innsendte tegninger på vår felles eiendom Gbnr 89/4

Bergen 23/4. 2014 Jan I. Bakke

LINDÅS KOMMUNE

**Byggesak**
Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41
Telefon: 56 37 50 00 Telefaks 56 37 50 01
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø
E-post: postmottak@lindas.kommune.no
Heimeside: www.lindas.kommune.no
Kartside: www.nordhordlandskart.no
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

LINDÅS KOMMUNE
Klassering
28. 04. 2014
Ark. saksnr
Saksh.

Rolf Iversen

Gerhard Gransvei 5
5094 BERGEN

| Dykkar ref. | Sakshandsamar: |
| --- | --- |
| | Larissa Dahl |
| Vår ref. 2013/3806 - 0 - 328/2014 | Telefon 56375000 |
| Arkivkode: 89/4 | Dato: 06.01.2014 |

*Delegert sak*

## Løyve til tiltak utan ansvarsrett på vilkår - gbnr 89/4 Haugsmyra - garasje

### Delegasjonssak:

Kommunen gjev løyve på vilkår til etablering av garasje i samsvar med teikningar, kart og skildring mottatt 30.12.13, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-2.

Det er tiltakshavar sitt fulle ansvar at arbeida vert utført i samsvar med plan- og bygningslova og at forskrifter til lova vert følgt. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar, motteke 30.12.13 det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

Løyvet vert gjeve på **følgjande vilkår**:

1. Før tiltaket kan setjast igang, må det samtykke til etablering av garasje frå eigar av eigedommen Gbnr 89/4, Bakke Jan Ingvar, sendes inn.
2. Privatrettsleg dokument på vegbruk må sendes inn før tiltaket kan igangsetjast.

### Nabotilhøve og andre sine kommentarar
Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3. Ingen merknader er registrert i saka.

### Plangrunnlag
Eigedomen vert omfatta av kommuneplan for Lindås kommune, vedtatt i 2003. Tiltaket ligg i uregulert område som er avsett til bustad. Tiltaket er i samsvar med planen.

### Veg og tilkomst
Det ligg føre løyve til utvida bruk av eksisterende avkjørsel frå VA-avdelinga, datert 6.01.14.

### Plassering og høgdeplassering
Plassering av tiltaket skal utførast i medhald av dette vedtaket og godkjente teikningar. For plassering gjeld toleransegrenser for områdetype 3, jf standarden "Plassering og beliggenhetskontroll".

Tiltaket si plassering skal koordinatutreknast, før utsetting av hushjørner på tomta.